

# Spele fotball i 2016?



Då er ein flott fotballsesong 2015 ferdig med mange kjekke stunder og stor prestasjonar! Men fotballgruppa har allereie begynt å tenke på 2016... Ganske raskt på nyåret skal dei forskjellige laga for neste år meldast på i serien. Vi er derfor tidleg ute med å kartlegge kven som blir med på fotball i sesongen som kjem. Grunnen til at vi gjer dette allereie no, er at i vi i nokre årsklasser er få spelarar og i andre mange. Vi må få ei oversikt over kor mange spelarar vi har på kvart trinn slik at det kan avgjerast kva lag som stiller reine årsklasselag, og kven som skal slåast saman med dei som er eit år eldre eller yngre. For å greie dette på best mogleg måte, sender vi no ut påmelding for 2016. Vi er derfor allereie no avhengige av å vite kven som blir med på fotball neste sesong. **Dei som ikkje melder seg på i denne omgangen, er likevel hjarteleg velkomne til og kome på treningar utover vinteren/når våren kjem, men dei kan ikkje rekne med å få spele kampar i vårsesongen.** Dette gjeld først og fremst for dei som går frå og med 5. klasse og oppover. Vi har forståing for at det vil vere litt meir «til og frå» for dei aller yngste, men det er **viktig** at vi også for desse får oversikt over kor mange dei blir. På den måten melder vi på eit så rett antal lag som mogleg.

**Altså: Alle som vil vere med og spele fotball i 2016, nye og gamle spelarar, melder seg på på mail (aller helst) innan tysdag 5. januar.**

**Desse opplysningane må vere med når du melder på:**

- \* Namn på spelar(ar) og klassetrinn på skulen
- \* E-postadresse og mobilnummer til dei føresette

Send påmeldinga til [hillevi@live.com](mailto:hillevi@live.com)

**Mobil: 48082109**



Mvh Styret i fotballgruppa i Valldal IL